

# Årsmøte for Reksta Ungdomslag 30.04.2023

Desse møtte: Åshild, Nils Gunnar, Lars Erik, Ingebjørg, Eli, Ingrid, Olav, Rigmor, Inger, Ida, Johnny og Martha.

- Sak 1:           **Opning** ved Johnny Stigdal. Han orienterte om det som var gjort i Reksta Ungdomslag i 2022.
- Sak 2:           **Val av ordstyrar** og Johnny vart valgt.
- Sak 3:           **Val av referent** og Inger vart valgt.
- Sak 4:           **Val av to til å skrive under protokollen** og Eli og Ingrid vart valgt.
- Sak 5:           **Godkjenning av innkalling og sakliste**, dei vart samrøystes godkjent.
- Sak 6:           **Årsmelding.** Leiar Johnny leste opp den og orienterte om dei ulike prosjekta og 100 års jubileumsfesten. Svært vellykka 100 årsjubileum med flott opning av Johnny og ordføraren i Florø Ola Teigen, stort kakebord, basar og leikar for store og små ute. Foredrag om Reksta skule ved Torleif Reksten og foredrag om dugnadsarbeidet ved Inger. Stordans med fleire musikarar i skulen og i teltet utanfor, og topp stemning på Reksta skule både fredag og lørdag. Vi skal føre på at laget vart sponsa av den Danske maler med maling til skulestova og gongen. Vi skal føre til at vart sponsa med grus til vegen av Knut Ullaland. Årsmeldinga vart einstemmig godkjent med desse merknadane.
- Sak 7:           **Rekneskap** ved kasserar Inger. Kasserar gjekk igjennom rekneskapen for 2022 og hadde og laga eit eige rekneskap for 100 års jubileet. Begge rekneskapa vart einstemmig godkjent.
- Sak 8:           **Budsjett for 2023.** Orientering om budsjettet ved leiar Johnny. Merknad om å søke om midlar til barne og ungdomsarbeid for Reksta Ungdomslag. Med denne merknaden vart budsjettet einstemmig vedtatt.
- Sak 9:           **Innkomne saker.** Var komt inn ei sak, om at Reksta Ungdomslag må rydde opp etter seg på eigedommen, når vi har brukt den, dette frå grunneigar. Utføre ein brukarundersøkelse, for å høyre kva folk på Reksta ynskjer å bruke Reksta skule til. Den kan brukast til basar, dans, gebursdager m.m. Men andre ting også, det skal laget lage ein spørreundersøkelse på.
- Sak 10:          **Val.** Valnemnda ved Lars Erik og Ingebjørg la fram forslag til styremedlemmar for Reksta Ungdomslag for 2023 og 2024.
- Leiar:**           Johnny Stigedal, einstemmig valgt for 2 år.
- Styremedlem:**   Olav Steimlar, nestleiar og einstemmig valgt for 1 år.
- Styremedlem:**   Inger Reksten Stigedal, kasserar og einstemmig valgt for 2 år.
- Styremedlem:**   Anita Øygard, sekretær og einstemmig valgt for 1 år.

**Varamedlem:** Ida Nygård Reksten og vart einstemmig valgt for 1 år.

**Varamedlem:** Åshild Reksten og vart einstemmig valgt for 1 år.

**Revisorar:** Ingebjørg Reksten og Lars Erik Reksten og dei vart samrøystes valgt for 1 år.

Sak 11:

Orientering ved Johnny om Birdbox Reksta og den kjem på plass i løpet av mai. Den blir frakta til Reksta med rutebåten på hengar og flydd opp på Kletten med helikopter. Det er og gravd ned og lagt strøm opp til Birdbox Reksta, frå skulen. Det er montert minusmålar, slik at vi betaler strøm tilbake til Reksta Ungdomslag.

Kva kan Birdbox Reksta tilby kundane? Ein unik oppleving med god komfort inne i boksen, vakker natur og med utsikt i alle himmelretningar.

Fekk forslag frå Olav om å markere at Birdbox Reksta er komt opp, med open dag slik at folk på Reksta kan få sjå boksen og nyte utsikta.

Referent: Inger Reksten Stigedal

Skrive under protokollen:

Ingrid Reksten

Eli Reksten